



Sentrale i nyskapinga: Bjørn Olav Tveit, Siren Simonnes, Jorunn Larsen, Ingvald Nilsen Nygård, Linda Øen og Tone Fredheim Mælen. Dei står på området der scena skal oppsetjast, tett på Rabben

**Medan dei gamle rockekanonane held fram på Dønhaugjordet vert ungsauene frå i år sluppe i båthamna. Festidalen etablerar eit kulturbeite med nysatsing - i fyrste omgang med 7 band av unge musikktaentar frå Kvinnherad, Stord og Odda. Dei representerar alt frå elektronika til hardrock og dei vil visa at det gror godt i dette distriktet på musikkfronten. Det var ikkje problematisk å finna fram til deltakarane og håpet er at det vert enda lettare neste år. Namnet er sjølv sagt Lambasleppet og går føre seg på laurdagen og Festivalen-general Bjørn Olav Tveit seier at det kan betraktast som ein oppfyljing av målsetjinga for festivalen - at den skulle gje noko tilbake til lokalsamfunnet og det lokale musikkmiljøet. Det skal ikkje minst ei stipendordning bidra til.**

Det skal også avviklast eit bransjeseminar og etablerast eit ekspertpanel på 4 som skal gje tilbakemeldingar om dei musikalske prestasjonane. Tysnes Sparebank er ein sentral samarbeidspartnar i prosjektet.

Dei som er plukka ut er mellom 17 og 15 år og 5 av dei er frå Kvinnherad medan eitt band er frå Odda og eitt frå heile regionen. Dette er dei 7

\* Aleksandra Sanden frå Husnes og stiller mest solo i august. Ho har delteke i Idol og kjem frå ein musikalsk familie.

\* Among Colors er frå Husnes og Valen og har vekst opp innanfor rammene av kulturskulen. Dei har studert musikk i Volda og har nyleg gjeve ut ein EP.

\* Annette Prestnes Ersland er frå Sandvoll og produserer indieballadar under artistnamnet Nettothoughts. Ho har med seg band til Uskedalen. Ho har også studert i Wales og har stått på dei fleste scener i distriktet.

\* Catnip Cloud frå Valen er elektronikabidraget i flokken. Han har studert musikk ved folkehøgskulen i Seljord. Eit av føredøma hans er Røyksopp.

\* Eirik Bøen Gravdal frå Odda har ry for å servera vakker og stemningsfull musikk. Han har ein EP på beddingen og skal til Island for å fullføra eit album.

\* LøffelMannschaft frå området frå Uskedalen til Valen og kan lova grom rock. Bandet har eksistert i 2 år og skriv sjølv både tekstar og musikk. Gutane er samfunnsengasjerte og ambisiøse.

\* Orgelfall er årets sunhordlandsalibi med innslag både frå Stord, Kvinnherad og Bømlo. Dei møttes på musikklinja på Stord og har fotfeste i 70-talets progrock.

Det er ikkje for mykje sagt at arrangørane gler seg, ikkje minst fordi dei på denne måten også samlar bygdene.

Tekst foto og nett: ola Matti Mathisen